# Gåvekort

## FØRESTILLINGA "HAUGESPOR" med Ryfylke Livsgnist

**KULTURHUSET HUSNES**

**Torsdag 24. mars 2022 - kl. 18.00**

Til: ________________________________

Fra: ________________________________



**Velg éin av desse to pakkane:**

- ☐ - Førestillinga "Haugespor" med Ryfylke Livsgnist
- ☐ - Pizza-buffet på Peppes i forkant + førestilling

* Gåvekortet er gyldig saman med billett kjøpt på www.kulturhusethusnes.no

**Eit jubileumsspel i Hans Nielsen Hauge sine fotspor - 250 år etter hans fødsel**

*Førestillinga er eit sambarbeid mellom Kvinnherad sokneråd, Uskedal sokneråd, Fjelberg og Eid sokneråd og Husnes og Holmedal sokneråd.*

Skriv ut dobbelsidig med fargar. :-)

KLIPP BORT denne nederste delen av arket.

NB! Det er fullt mulig å gi gåvekortet, og deretter bli enig med mottakaren av gåva kva av dei to ulike pakkane ein ynskjer:
- Kun førestilling: Kr. 320,-
- Pizza-buffet på Peppes i forkant + førestilling: Kr. 400,-

Billettar kan du kjøpa på www.kulturhusethusnes.no.

Dersom ein kun ynskjer førestillinga, og ikkje Peppes, kan ein og kjøpa billett ved inngangen frå kl 17.00.




# HAUGESPOR

**Gjer deg klar for ein humoristisk historietime i kinosalen på Husnes, torsdag 24. mars 2022. Fire av sokneråda i Kvinnherad har gått saman og invitert Ryfylke Livsgnist til kommunen. Dei har tidlegare vitja Kvinnherad både med «Luther med latter» og «NÅDE». Denne gongen inviterer dei oss med på eit jubileumsspel i Hans Nielsen Hauge sine fotspor - 250 år etter hans fødsel.**

**Kvifor eit jubileumsspel om Hans Nielsen Hauge?**

Vil du læra, le og bli riven med? Av myndige bondekoner, sjølvgode potetprestar, håplause lensmenn og trongsynte pietistar? Hans Nielsen Hauge og haugianismen er ein himmelsk lapskaus av kvardagsliv, åndsliv, næringsliv, fattigdom, rikdom, konfliktar og omsorg. Haugerørsla har sett djupe spor i landet generelt og Vestlandet spesielt. Ryfylke Livsgnist presenterer eit historisk og humoristisk skråblikk på haugianismen, 250 år etter Hauge sin fødsel. Me trur at jubileums-spelet kan hjelpa oss til å sjå kvifor me blei som me blei her i landet.

Bli med tilbake til perioden 1796 til 1842, og opplev kva som skjedde i bygd og by i landet og på Vestlandet - med ein hyperaktiv, strikkande Hans Nielsen Hauge i front. Møt dei som var med og mot, forfølgjarar og etterfølgjarar. Musikalske perler, gripande situasjonar og gapskrattande scener kjem på løpande band. Fire skodespelarar og musikar speler 30 roller i løpet av halvannan time. Lek og lærd, styrande kvinner og myndige menn, bønder og handelsfolk, biskop og lensmann, alvorstynga predikantar og lystige haugianarar.



RYFYLKE LIVSGNIST

Peppes PIZZA

Kyrkja i Kvinnherad